

Anne Elisabeth Fosse

Radøyvegen 287 A

5911 ALVERSUND

[ae-fosse@online.no](mailto:ae-fosse@online.no)

Remme 22.11.14

Lindås kommune

Byggesak

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
25. 11. 2014	
Ark. saksnr 14/7337	Løpehr.
Saksh.	Tilgangskode

## Vedkjem søknad om oppføring av reiskapshus av 04.11.14 på gnr134/4 i Lindås

Dykkar brev av 13.11.14 – Tilleggsdokumentasjon.

1. Vi vil imøtegå formuleringane « ikkje i bruk» og at tiltaket «ikkje er i tråd med føremålet». Vi viser til vedlagt kartutsnitt, vedlegg 1, som viser areal fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite og skog på bruket.  
 Frå vi overtok gardsbruket i 2005, (og før den tid), er bruket halde i hevd gjennom årleg fullverdig slått av all innmark og tidvis utleige av beiteareal, sanering av overmoden skog samt matauk frå bær, frukt og åker til eige forbruk.  
 I tillegg til dette bruket eig ektemannen Kurt Kalnes landbrukseigedom i Radøy kommune.  
 Alt utstyr som traktorar, forhaustar, vogner og liknande treng sårt å komma under tak.  
 Vidare er det planen å starte vedproduksjon i bygget då det er god tilgang på skog på begge bruken. Til dette har vi også ein del utstyr som skal på plass.  
 Ein tek og sikte på å kunne nytta areal i bygget til andre føremål i drifta.
2. At eigar av bruk nr.63, Solveig Marie Gundersen, har hatt innvending mot tiltaket må skuldast ei misstyding. Ho var utanlands på varslingstida, men sa frå på telefon at ho hadde ingen merknad. Dette er bekrefta i kvittering for nabovarsel av 16.11.14, vedlegg 2.

3. Ved ein feil vart ikkje cotehøgder for golv/møne påført teikning. Dette er no retta opp. Vedlegg 3.
4. Det nye bygget er målsett på plan - og snitteikning. Avstand nybygg/eigen veg vert 4 m etter omlegging av vegen. Tidlegare opparbeida areal for tilkomst/snuplass er vist med farge på situasjonsplan. Vedlegg 4.



Anne Elisabeth Fosse